

Forskrift om vern av Bråvollslie og Husedalen naturreservat, Ullensvang kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som:

- a) representerer ein bestemt type natur i form av gamal, kompakt og virkesrik furuskog med innslag av boreale lauvtre. Høgareliggende delar av skogen er urskognær.
- b) inneheld trua, sjeldan natur som kalk- og lågurtfuruskog og fleire trua artar knytt til gamal furuskog.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Ullensvang kommune: 238/2, 239/1, 239/2, 239/3, 239/4, 239/5, 239/6 og 239/219.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 4 308 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, avløpsleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utslepp av kloakk eller anna form for forureining, eller bruk av kalk, gjødsel eller kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling og deponering av avfall er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode i perioden 15. april – 15. september. Utanfor denne perioden kan det berre brennast bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande vegar, stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting

- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- i. nødvendig kapping og rydding av vindfall over traktorveg/sti til stølen Gryting avmerkt på vedlagte vernekart. Vindfallet skal bli liggjande igjen i verneområdet.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande vegar og stiar avmerkt på vedlagte vernekart.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. nødvendig motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget og med traktor og ATV på traktorveg avmerkt på vernekartet
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting av gjerder
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d
- f. uttak og ringbarking av utenlandske treslag og etablerte plantefelt av gran, samt spreiiing frå desse
- g. endring av trase for sti til stølen Gryting avmerkt på vedlagte vernekart dersom naturskade gjer det nødvendig.
- h. endra plassering av bru over Tverrelva dersom naturskade gjer det nødvendig.
- i. nødvendig motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d og f, og § 7 bokstav a, d, f og g

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

NN er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.